



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Prop. 206 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2021 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet (prosjektering av rehabilitering av Nationaltheatret)

*Tilråding frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 28. mai 2021,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjer i denne proposisjonen framlegg om å auka løyvinga på kap. 530 Byggjeprosjekt utanfor husleigeordninga, post 30 Prosjektering av bygg i statsbudsjettet for 2021, mot tilsvarande auka driftsresultat under kap. 2445 Statsbygg, post 24 Driftsresultat. Framlegget gjeld forprosjektering av rehabilitering av Nationaltheatret.

Byggjeprosjekt utanfor husleigeordninga, post 30 Prosjektering av bygg til å ferdigstilla forprosjektet i 2021, og i tillegg er det gjort framlegg om å sette av ytterlegare 7 mill. kroner til føremålet på posten i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2021, jf. Prop. 195 S (2020–2021).

Rehabilitering av Nationaltheatret er meir omfattande og krevjande enn tidlegare lagt til grunn. Regjeringa meiner at prosjektet må forenklast og omprosjekterast, før framlegg om gjennomføring kan leggjast fram for Stortinget. Føremålet med forenklinga er å redusera kostnadene i gjennomføringa av prosjektet.

2 Framlegg til endringar

2.1 Forprosjekt for rehabilitering av Nationaltheatret

Stortinget vedtok i samband med handsaminga av statsbudsjettet for 2018 løyving til oppstart av forprosjektering av Nationaltheatret over kapittel 530 Byggjeprosjekt utanfor husleigeordninga, post 30 Prosjektering av bygg, jf. Prop. 1 S (2017–2018) frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Innst. 16 S (2017–2018).

Kulturdepartementet har gjeve Statsbygg i oppdrag å føra prosjektet fram til ferdig forprosjekt. Det er sett av 6 mill. kroner over kap. 530

2.2 Endringsforslag

Kap. 530 Byggjeprosjekt utanfor husleigeordninga

Post 30 Prosjektering av bygg

Løyvinga på posten vert nytta til prosjektering av bygg utanfor husleigeordninga.

For å kunna gjera naudsynte forenklingar og omprosjektering i forprosjektet om rehabilitering av Nationaltheatret, gjer Kommunal- og moderniseringsdepartementet framlegg om å auka løyvinga på posten med 30 mill. kroner.

Kap. 2445 Statsbygg*Post 24 Driftsresultat*

Driftsbudsjettet til Statsbygg skal dekkja alle utgifter til forvaltning, drift og vedlikehald av eigedomane, og dessutan avskriving og renter.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjer framlegg om å redusera reguleringsfondet til Statsbygg med 30 mill. kroner ved å auka driftsresultatet til Statsbygg tilsvarende.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

t i l r å r :

At Dykker Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2021 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet (prosjektering av rehabilitering av Nationaltheatret).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2021 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet (prosjektering av rehabilitering av Nationaltheatret) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2021 under
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
(prosjektering av rehabilitering av Nationaltheatret)**

I

I statsbudsjettet for 2021 vert det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
530		Byggjeprosjekt utanfor husleigeordninga	
	30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i> blir auka med	30 000 000
		frå kr 173 000 000 til kr 203 000 000	
2445		Statsbygg	
	24	Driftsresultat	-2 784 059 000
		mot tidlegare foreslått kr -2 754 059 000	

Kap.	Post	Føremål	Kroner
2445		Statsbygg	
	24	Driftsresultat:	
		1 Driftsinntekter	-5 593 922 000
		2 Driftsutgifter	2 219 763 000
		3 Avskrivningar	1 506 000 000
		4 Renter av staten sin kapital.....	697 200 000
		6 Til reguleringsfondet.....	-1 613 100 000
			-2 784 059 000



